

**Fra:** Postmottak Alver  
**Sendt:** onsdag 12. oktober 2022 09:29  
**Til:** Tove Mette Arnø Fyllingen  
**Kopi:** Sara Sekkingstad  
**Emne:** VS: Grunnlagt spm til KO møte 20. okt frå Alver MDG

---

**Fra:** Leif Johnsen <ljholme@online.no>  
**Sendt:** tirsdag 11. oktober 2022 23:15  
**Til:** Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>  
**Emne:** Grunnlagt spm til KO møte 20. okt frå Alver MDG

Hei.

**Grunnlagt spm til ordf. Sara Hamre Sekkingstad Kommunestyremøte 20. okt:**

Kan ordf. ta initiativ til at KO får ei brei orientering om planoppgåvene og plankapasiteten når det gjeld arbeidet med Arealplanen og Alver sine prosjekt til Miljøløftet?

Kan ordf. ta initiativ til at KO får drøfte korleis ein skal prioritere planarbeidet mellom Arealplan og prosjekt til Miljøløftet?

I FO møte 6. okt. vart det gitt ein gjennomgang av mange moglege prosjekt Alver kommune kan få midlar til i Miljøløftet.  
Dei fleste av desse er ikkje ferdig regulerte, noko som er eit krav for å få midlar frå Miljøløftet/Byvekstavtalen.

Det skjer òg for tida mye byggjeverksemd i kommunen, og fleire innbyggjar har meldt underteikna om bekymring for om alt er lovleg og godtkjent av kommunen. På Mjåtveit næringspark har eit stort firma som Vassbakk & Stol fått stoppordre og dagmulter for ulovleg verksemd.

Avdelinga for Tilsyn og miljø har meir å ta tak i enn dei har kapasitet til. T.d. er Tiltaksplanen for Mjåtveitvassdraget, som skulle vere ferdig før sommaren, utsett grunna manglande kapasitet, opplyste ordf. i FO møte 6. okt.

I tillegg arbeider planavdelinga med den nye Arealplanen. Ideelt sett skulle Alver hatt ein ferdig arealplan før prosjekta til miljøløftet vart planlagte. Men grunna samanslåinga er ikkje tidsplanen ideell. Det ein har er arealplanane frå dei tre gamle kommunane, med dei prosjekta som låg der.

Det gjer at planavdelinga synest å vere under eit større press enn forsvarleg;

- både å få arealplanen for Alver ferdig raskt,
- og å ferdigregulere moglege prosjekt til miljøløftet,
- og å ha kapasitet til å følgje med på om all byggjeverksemd rundt om i kommunen går lovleg for seg.

Dilemmaene dette skaper er fleire:

- Gjer ein Arealplanen ferdig før prosjekta, risikerer ein å måtte dispensere frå planen når prosjekta skal ferdiggjerast, noko som kan forsinke prosessane og gjere at Alver risikerer å gå glipp av midlar, eller å få dei lenger inn i framtida.

- Gjer ein prosjekta klare først, stiller ein sterkare i konkurransen om sterkt tiltrengte midlar til trafikkisikring, men har ikkje ein overordna arealplan for Alver kommune.

- Skal ein følgje med på store aktørar som opererer ulovleg, har ein ikkje kapasitet til å sjekke bekymringsmeldingar frå innbyggjarar, noko som undergrev tilliten til kommunen.

Spm om kva som bør prioriterast å gjennomføre først melder seg derfor. Vil det vere fornuftig å utsetje ferdigstillinga av arealplanen for å få dei lengst komne prosjekta til Miljøløftet ferdige og frigjere kapasitet til toppfølgings- og tilsynsoppgåver?

Med helsing  
Leif Johnsen,  
Alver MDG